



Alle elevane på scenen i Dønhauglåven.

Uskedal skule har dei seinare åre hatt ulike variantar når dei har hatt julefest. Årets fest var i kveld, og då var det oppmøte ved bensinstasjonen på Brekkesletta, og så gjekk dei i tog med lys og lyfter til Dønhauglåven. Der fortsette festen med program der elevane i alle klassane presenterte flotte juleinnslag.



Konferansierane Jostein og Jonathan.

Dei to 7.klassingane Jostein Soldal og Jonathan Taranger leia festlyden, som bestod av andre flinke elevar, foreldre, besteforeldre og lærarar, gjennom programmet på ein framifrå måte.

Det var mange fine songinnslag slik det skal vera i eit godt juleprogram. Førsteklassingane song **Det er jul**, medan andreklassingane song **Den gamle nissen sat så trist** med tablå til. **Vi tenner våre lykter** vart framført av 3. og 4. klassingar. Alle klassane gjorde det på ein framifrå måte slik at foreldra heilt tydeleg vart ekstra stolte. Det var det god grunn til!

Godt blokkfløytespel og song er vakkert. Det fekk publikum høyra frå 5.klasse som framførte **Josef, kjære Josef min** og **I ei natt**. Flott var det!!

Juleevangelie høyrer med på ein slik fest. Det vart framført av 7.klassingane som også viste dans og les frå den flotte diktboka dei har gjeve ut. Denne er det framleis råd å få tak i. Eg har fått opplyst at ein kan venda seg til Bjarthe Døssland så vil han ordna med det.

Elles var det fleire fellesinnslag, juletrgang med mange ringar og servering av saft, kaffi og kjeks på borda. Nissen må jo vera med på slike festar. Den populære oppgåva hadde elevane i 6.klasse. Dei stod ved utgangen og delte ut sjokolade til alle borna då dei gjekk heim.

Rapportane fortel om ein svært koseleg fest i ein lun og varm Dønhauglåde. I følgje Tor Edward såg også Dønhaugbonden sjølv ut til å storkosa seg. Han gledde seg over å sjå alle dei strålande glade borna!





Flinke 1.klassingar



7.klasse les juleevangeliet.



2. klasse song fint til nissen



3. og 4. klasse song veldig fint i Vi tenner våre lykter.





Flott blokkfløytespel og sang av 5.klasse.



7.klasse les sjølvskrivne dikt.




7.klasse bidrog også med dans.





Fin nissejente.



Fin nissegut





Juletegang.



Masse folk i Dønhauglåven.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Tor Edward Taranger